



Arbeids- og sosialdepartementet
Pb 8019 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
14/900-3/K2-X66//JKO

Stad/Dato:
03.07.2014

UTTALE: "ET ENKLERE LIV TILPASSET BRUKERNES BEHOV»

Det vert synt til departementet sitt høyringsbrev datert 12. mai 2014.

Øygarden kommune vil merka følgjande i sin uttale:

Det er positivt at det vert ønska eit enklare tiltakssystem og at det vert gitt signal om at brukarane sine interesser skal setjast i sentrum. Kommunen sluttar seg til at det ikkje vert gjort endringar i Varig tilrettelagt arbeid (VTA) og Arbeidspraksis i skjerma verksemd (APS).

Men det er uheldig at regjeringa legg opp til eit vesentleg lineskifte i arbeidsmarknadspolitikken utan at Stortinget har fått handsama saka. Regjeringa legg opp til ei forskriftsending i ein høyringsrunde som medfører anbudsutsetting av dei attføringstenestene som i dag vert levert av kommunalt eigde vekst- og attføringsbedrifter (for vår kommune Trigger Jobb AS).

Øygarden formannskap meiner regjeringa fremjar dette forslaget utan at alle tilhøve er tilstrekkeleg vurdert og belyst. Kommunen kan ikkje slutta seg til dette forslaget.

Dersom attføring vert sett ut på anbod, er vekst- og attføringsbedriftene og tenestene dei utfører truga. Det betyr igjen at:

- *Kommunen kan verta ståande utan eit tilbod til dei svakaste jobbsøklarane.*
- *Kommunar med tynt befolkningsgrunnlag risikerer at få eller ingen tilbydarar vil finna det kommersielt interessant å driva attføring i området.*
- *Kommunen sitt tenestetilbod elles vil måtta rustast opp for å handtera grupper som elles ville fått eit tilbod i vekst- og attføringsbedrifta.*
- *Kommunen mister verdfull kompetanse. Vekst- og attføringsbedriftene sine tilsette må sjå seg om etter jobb andre stadar.*
- *Kommunen står i fare for å mista ein viktig leverandør av varer og tenester*

For dei av kommunen sine innbyggjarar som treng eit attføringstilbod, vil anbod innebera:

- *Mindre hjelp til dei svakaste.* Kommersielle tilbydarar vil konsentrera seg om dei gruppene som er enklast og billegast å hjelpa.
- *Mindre valfridom, ikkje meir.* Vekst- og attføringsbedriftene er førehandsgodkjente leverandørar av attføringstenester. I eit anbodsregime fell moglegheita til førehandskontroll bort, og brukarane får tenester frå tilbydarane med dårlegare kompetanse enn det som er ønskjeleg.

Konklusjon: Øygarden formannskap tilrår at forslaget om å setja omtalte teneste ut på anbod ,som skildra i høyringsframlegget, vert trekt tilbake og at noverande ordning vert vidareført og forbetra innanfor eksisterande rammer og regelverk.

Med helsing

Otto Harkestad
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur